



MEDLEMSBREV NR. 2 – 2015

Kjære medlem, <http://www.olavslettoselskapet.no/> er alltid oppdatert, men det er ikkje alle medlemmer i Olav Sletto-selskapet som har denne tilgangen, så difor tek me ein kort gjennomgang her.

Minnest Magne Myhren

som gjekk burt 23. juni 2015. Spelemannen, målmannen og språkforskaren var fødd i Skurdalen 3. desember 1937. I minneordet skriv Arne Skogheim m.a.: Magne var medlem i Olav Sletto-selskapet frå starten i 2001 og var ein aktiv støttespelar for arbeidet i selskapet. Dei som hugsar attende til årsmøtet i 2005, vil minnast Magne Myhren sitt levande og interessante kåseri om ulike sider ved Olav Sletto sin forfattarskap. Sjå www.olavslettoselskapet.no - nyhende.

Aktivitetar sidan sist

Etter lanseringa av boka om Anne Sletto og barnedrap i norsk rettshistorie 7. februar og årsmøtet 10. april, har det vore ein rolegare periode i styret, men noko har vi vore med på, og meir blir det utover hausten:

Holsdagen 1. august 2015:

Olav Sletto-selskapet med på lokal marknad

Olav Sletto-selskapet hadde stand under Holsdagen på Hol museum laurdag 1. august 2015. Dagen vart spennande, med mange amerikanarar på besök, nokon bygdefolk og eindel utflytta hallingar, på ferie blant dei gamle fjell i syningom. Mange deltok på den lokale marknaden med produkt for både kropp og sjel. Margarethe L'orange og Eva Almhjell var nøgde med salet av bøkene Olav Sletto-selskapet har gitt ut dei siste åra: «Anne Sletto – eit kvinneportrett» (2015), og «Per Gjetar» (2013), og gledde seg over mange interessante samtaler med folk frå nær og fjern.



Margarethe L'orange og Eva Almhjell (t.v.)
Foto: Gunnveig Nerol

13. august – foredrag på Ål bibliotek

Torsdag 13. august 2015 var Eva Almhjell i Ål bibliotek, der ho fortalte frå Anne-boka. Dei to artiklane i boka, portrettet av Anne Sletto og «Utanfor ekteskap» av Jørn Øyrehaugen Sunde gir eit interessant bilde av korleis livet kunne vera for ei tenestjente som Anne Sletto på slutten av 1800-talet, og for tenestjenter flest i Norge frå 1600-talet til vår tid. Omlag 15-20 folk møtte fram på biblioteket. I ordskifte etter foredraget, undra mange seg over den skamma kvinner som fødde barn utanfor ekteskap vart til del. For oss som lever i dag, er det neste ubegripeleg, men ikkje for dei mange tusen som vart påførd denne skamma – av folk som ingen rett hadde til å gjera det.

Arrangørar: Ål historielag og Ål bibliotek.

15. september - professor Jørn Øyrehaugen Sunde vitja Gol vidaregåande skole med eit foredrag til elevar ved skula om temaet verdigheit basert på boka om Anne Sletto. Nær 200 ungdomar lytta i djup stillheit. Kjerna i det Øyrehaugen Sunde sa var dette: Verdigkeit er eit tema som aldri går ut på dato, for det triggar våre eigne fordommar i møte med det/den/dei som er annleis el. framande. Ein seigliva fordom, som han dokumenterte, er at vi djupast sett meiner (fattige) kvinner sel seg for å dra fordelar av det, – historisk sett, så vel som i vår samtid – om ikkje samfunnets støtter passar på. Kvinners verdigkeit blir ikkje respektert med mindre vi tek eit oppgjer med våre eigne fordommar, understreka Øyrehaugen Sunde (Rapport frå møtet kjem i årshefte 2016).

Arrangør: Olav Sletto-selskapet i samarbeid med Gol vgs.

5 heile sider om Anne Sletto-boka i Tønsbergs Blad

22.8.15 fekk boka om Anne Sletto stor merksemd i Tønsbergs Blad, og Arne Horge har omtala Anne Sletto og boka i Klassiekampen og Hallingdølen (17.9.15).

Hausten 2015

14. 10.: Eva Almhjell snakkar om Anne-boka i Våle historielag, Re i Vestfold, der Anne var i sine unge år.

Siste del av oktober: Eva snakkar om Anne Sletto i Tønsberg.

21.11.: Bokmesse 2015 Ål. Olav Sletto-selskapet er med.

25. 11.: Eva Almhjell snakkar om Anne Sletto i Sande bibliotek, Vestfold

Planar framover

Informasjonstavle om Olav Sletto i Slettosvingen

Hol kommune innvilga i møte 17.9.15 heile søknadssummen på kr. 5000. Olav Sletto-selskapet takkar! Tavla kjem etter planen opp sommaren 2016.

Medlemskontingenent 2015 - 200 kr.

Med få unntak har alle medlemmer betalt 2015-kontingenent. Tusen takk for den støtta!

Medlemsinformasjon og nyhende blir publisert etter kvart på www.olavslettoselskapet.no

Velkommen til arrangementa hausten 2015!